

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

**Avdeling for
Infrastruktur og veg (INV)**

Dato	11.08.2023
Vår referanse	2023/70057-3
Dykkar referanse	23/714 - 23/6854
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	

Uttale - dispensasjon - arealoverføring - gnr 6 bnr 10 - fv 570 Fensfjordvegen - Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg viser til førespurnad om uttale til arealoverføringsak i Masfjorden kommune datert 07.08.2023.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om opprettning av ny eigedom/arealoverføring og samanslåing med annan eigedom avsett i KPA til «spreidd næring». Areal som er søkt oppretta eigedom for, og planlagt slått i saman med næringsarealet er avsett til LNRF. Det opphavelege arealet for eigedomen gnr. 6 bnr 104, avsett til spreidd næring er 6952 m². Det vert søkt om eit tillegg på 10 000 m² fråskilt frå gnr. 6 bnr. 10.

Verken opphaveleg eigedom eller eigedomen som søkast arealoverføring frå er regulert. Eigedomen ligg i område avsett til NÆ-07 som er LNF-område der spreidd næringsbygg er tillate i kommuneplanens arealdel. Føreseguna stiller ikkje krav til eigedomen. Eigedomen grensar til fylkesveg 570 Fensfjordvegen. Krysset mellom fylkesvegen og privat veg er regulert i Torsvik, gnr 6 bnr 97 m/fl, Risnes Tomteområde, Dragseidevegen planID 126620120004, vedtatt 22.02.2018.

Uttale

I forbindelse med tiltak på eigedomen så ser vi i reguleringsplan for Torsvik at den planen ikkje har heimla tilkomst til eigedom gnr 6 bnr 104, eller for den bruk som kjem fram av søknaden.

Føresegn 1.3.1 for den planen seier at «Avkjørsel til fylkesvegen må og vera godkjent av Statens vegvesen». Vi finn ikkje i vårt arkiv at avkjørsla til fylkesvegen er blitt godkjent. Ein kan sjå om utvida bruk av avkjørsle via denne lenka: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/avkjørselsloyve/>

Difor ber vi om at kommunen tek stilling til om eigedomen gnr 6 bnr 104 er sikra tilkomst og om den private vegen er dimensjonert for lastebil/køyretøy som er planlagt å brukast for omsøkt tiltak.

Slik avkjørsla til fylkesveg ser ut på vegbilete så må siktssona ryddast. Vi meiner kommunen må sjå til at siktssona til fylkesvegen og utforminga av krysset er opparbeidd slik som den regulert.

Fylkesvegen her er klassifisert som haldningsklasse 2 viktig hovudveg (regional og overordna lokal funksjon) jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier at tiltak ikkje bør etablerast nærmare enn 50 meter frå vegmidte. Byggegrensa på staden er fastsett i KPA til 30 meter.

Oppsummering

Dersom kommunen gjev løyve til planering på eigedomen, meiner vi at gjennomføring av tiltaket bør få ei tidsavgrensing for kor lenge det skal køyrast massar til eigedomen for tiltaket.

Det krevst avkørysleløyve frå eigedomen etter veglova, og dette må søkast om via skjema som de finn her: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/avkoryselsloyve/>. Det må pårekna krav om utbetring av krysset til fylkesvegen for å få avkørysleløyve.

Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift